

### **3. KLASSE. GRUNNSTUDIER**

Emnenamn: Tredje studieår BAS

Emnekode: År 3

Studienivå: Syklus 2

Studiepoeng: 60 studiepoeng/ECTS

Undervisningssemester: haust og vår

Emneinnhald: Urban skala, komplekse bygg

Undervisningsspråk: Norsk/engelsk

Forkunnskapskrav: 1. og 2. år må være fullført og bestått

#### **Om året generelt:**

3. året handlar om VI.

Studiet begge semestra gjeld planlegging i urban skala og prosjektering av bygg. Kvart semester er delt inn i fleire små/lengre kurs kor alle er ein del av og underbygger hovudkursa. Haustsemester har hovudkurset byrom, eit prosjekteringskurs med fokus på urban skala. Vårsemesteret har hovudkurset komplekst bygg, eit prosjekteringskurs med fokus på kompleks situasjon. Generelt skal studenten setja seg inn i, og aktivt klårgjera oppgåvene for ein arkitekt i eit samfunn i utvikling. Oppgåva er å vera med å skapa den nye situasjonen. Prosjekteringen gjeld by, bygd og komplekse bygg. Oppgåvene vert utvida til samfunn og samfunnsinstitusjonar og konteksten omfattar også kulturdimensjonen i sin heilskap. Oppgåvene vert supplerte med parallelle kurs i teknikk og teknologi som vert integrerte i prosjekterings- og planleggingsoppgåvene. TTA skal gi innsyn og allsidig erfaring innan teknologi - ikkje for å greia matematisk utrekning av dimensjonar, men for å kunne sjå og vita kva ulike konstruksjonar og materialoppbyggingar står for. Gjennom året vil studentane få innføring i arkitekturhistorie, referansar, underbygd av mellom anna studieturen. Kursa byggjar naturleg på kvarandre og vert meir komplekse etter kvart. Studentane skal bruke den kunnskap, dei ferdigheter og kompetansar dei lærer i eit kurs vidare i dei neste kursa.

Til kvart kurs får studentane ein kursplan som inneheld oppgåve, og praktisk informasjon.

Høst: Byrom, Prosjekteringskurs, urban skala

Vår: Komplekst bygg: Prosjekteringskurs, komplekst bygg/situasjon

Året dannar grunnlag for dei vidare studiane i arkitektur.

### **Læringsutbytte:**

- kjennskap til og forståing av planlegging og bygging i det samansette samfunnet og til planlegging, prosjektering og utforming for samfunn og institusjonar.
- å identifisera seg med subjektet / menneska i brukarane av samfunnsbygg og bygde samfunnsformer.
- Studiet skal gi innsyn og allsidig erfaring innan teknologi – for å kunne sjå og vita kva ulike konstruksjonar og materialoppbyggingar står for.
- kjennskap til ulike analoge og digitale verktøy.

### **Arbeidsmåter og praktisk organisering**

Som studiemåte legg BAS stor vekt på arbeid ute i felten på skissering og bygging i full målestokk, og på ein brei og personleg kontakt med samfunn og personar med praktisk erfaring og særskild kunnskap, aktuelle for arkitekten sitt fag og innsyn  
Førelesingar, teoriseminar, feltstudiar, litteraturstudiar, gruppeundervisning og individuell rettleiing. Studietur utanlands.

Prosjektering over 2 semester, skissering, modellarbeid. 1:1 skissering

Praktiske øvingar, formingsøvingar og framstillingsoppgåver.

Studentane har eigen prosjektsal i år 3, med individuelle arbeidsstasjoner og nyttar jamvel skolens verkstader.

### **Obligatoriske krav**

Alle kurs er obligatoriske.

Introduksjonar, førelesningar, gjennomgangar og rettleiingar er obligatorisk. Ut over dette skal studentane jobbe på salen minimum 50 %. Studentane er sjølv ansvarleg for eige oppmøte. Fråvær skal meldast hjelpearar

Innleveringar: kvart kurs vert avslutta med ein intern gjennomgang kor studentane presenterer det materiale ein har produsert i løpet av kurset, det vere seg modell/ar, teikning/ar eller anna. Spesifikke krav til for eksempel omfang, skala, teikning/modellar vil stå i det einskilde kursprogram.

Alle kurs skal evaluerast av studentar og lærarar som ein del av skulens kvalitetssikrings- og kvalitetsutviklingssystem.

Oppgåve i bygningshistorie skal vere levert og bestått i 3. klasse.

### **Vurdering/karakterskala**

På kvart kurs får studentane ei rettleiande, intern vurdering som gjeld det einskilde kurset. Tilbakemelding gis munnleg på siste gjennomgang. Studentane får ei skriftleg

tilbakemelding for dei lengre kursa.

Kriteria for vurdering og godkjend kurs dekker både kunnskap og tileigna fagleg erfaring, metodisk arbeid og innsyn, og haldning til faget. Grunnlaget er deltaking, innleverte individuelle og felles arbeidsoppgåver, og presentasjon av desse. Ved ikkje tilfredsstillande progresjon/innsats/nivå/deltaking må studenten supplere, eventuelt ta kurs eller deler/heile semester på nytt.

Året vert avslutte med ein offentleg eksamensutstilling, der studentarbeid frå heile året blir formelt presentert og diskutert med eksterne sensorar. Eksamens vert vurdert til karakteren bestått/ikkje bestått. Bestått eksamen er grunnlag for å kunne starte i 4. klasse.

Sjå: 'Retningsliner for masterstudiet ved BAS' for meir informasjon.